



Arkivnr: 2014/323-426
Saksbehandlar: Øivind Rune Bjørkås

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014

Klage over avslag, Ålmenne kulturføremål 2014 - Dokumentar/ kortfilm "idrettsmerkestatuett»

Hordaland fylkeskommune mottok klage på avslag under tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål, datert 06.06.2014 frå Anne Lutro.

Klagen kom inn innan fristen og kan realitetshandsamast.

Klagesaka er handsama i samsvar med forvaltningslova kap VI, og vert lagt fram for vurdering av eventuell omgjering jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom vedtaket ikkje vert gjort om i kultur- og ressursutvalet vert saka sendt til klagenemnda for Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd, jfr. forvaltningslova § 33, 4. ledd jfr. forvaltningslova § 28, 2.ledd.

Søknaden er handsama opp mot vilkåra for ordninga Ålmenne kulturføremål og den praksis som er lagt til grunn for søknadar om støtte til film, at denne type støtte i all hovudsak vert gjeven gjennom stønaden til Vestnorsk filmsenter. Slik støtte har vore ytt berre unntaksvis, der det er tale om viktig kulturhistorisk dokumentasjon. Når søknaden vart avslått skuldast dette at Kultur- og ressursutvalet ikkje fant grunnlag for å gjera unnatak for den hovudregelen som er praktisert i samband med ordninga for ålmenne kulturføremål. Samla sett kan fylkesrådmannen ikkje sjå at det er komen fram nye opplysningar eller synspunkt som kan føre til at vedtaket om avslag vert gjort om. Vedtaket om avslag bør etter dette oppretthaldast.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 13.05.2014 om avslag på søknad om tilskot vert oppretthalde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.09.2014

Hordaland fylkeskommune mottok klage på avslag under tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål, datert 06.06.2014 frå Anne Lutro.

Klaga kom inn innan fristen og kan realitetshandsamast

Klagesaka er handsama i samsvar med forvaltningslova kap VI, og vert lagt fram for vurdering av eventuell omgjering jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom vedtaket ikkje vert gjort om i kultur- og ressursutvalet vert saka sendt til klagenemnda for Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd, jfr. forvaltningslova § 33, 4. ledd jfr. forvaltningslova § 28, 2.ledd.

Om ordninga:

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingane under Ålmenne kulturføremål skal difor gå til tiltak/prosjekt i Hordaland som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre. Kultur- og ressursutvalet har vedteke retningsliner for tildeling av tilskot til ålmenne kulturføremål.

Over tid har det vore ein fast etablert praksis at det som hovudregel ikkje har vore tildelt midlar til einskilde filmprosjekt under denne ordninga. Unntak har vore der det kan vera tale om filmprosjekt med viktig kulturhistorisk dokumentasjon. Tilsvarende restriktiv praksis har vore knytt til innspeling av CD ar og musikkvideoar. I staden for å stø opp om einskilde filmprosjekt har fylkeskommunen valt å yte tilskot til Vestnorsk filmsenter.

Om klaga:

Klaga gjeld avslag på søknad om tilskot til dokumentar/kortfilmen « idrettsmerket» Ein film av og med Iver Asbjørn Sekse, Vegard Svoldal og Anne Lutro med fleir. Sekse og Svoldal har Downs syndrom, og har tatt idrettsmerket 15 år på rad. Dei fekk Idrettsmerkestatuetten i 2012. Dei to ynskja å lage ein dokumentar/kortfilm om det å ta idrettsmerket, med glimt frå eiga arbeidsliv. Ein ynskja å gjere idrettsmerket meir kjend og promotera Hardanger. Nærare informasjon om bakgrunn og ide bak filmen vert gitt i søknaden som følgjer vedlagt.

Klagar viser til at avslaget er grunnlagt ved at det er Vestnorsk filmsenter som skal motta søknaden og framheve at dette ikkje vart nemnt i lysinga. Ut over dette vert det gitt ein skildring av fleire forhold knytt til prosjektet, menneska, kompetansen deira, merksemda rundt prosjektet m.m. og det vert pekt på kor viktig det er for denne gruppa at dei kan syne at « me og kan» og vera førebilete for andre. Avslutningsvis skriv klagar:

«Ivar Asbjørn Sekse og Vegard Svoldal er talentfulle unge innan si gruppe. Eg vonar at de kan ta kontakt med Vestnorsk Filmsentral (Vestnorsk filmsenter), og at gutane kan få den økonomiske støtten, kr. 15.000 det er søkt om til Dokumentar/kortfilm «Idrettsmerkestatuett».

Vurdering:

Søknaden er handsama opp mot vilkåra for ordninga og den praksis som er lagt til grunn for søknadar om støtte til film. Som nemnt over vert slik støtte ytt unntaksvis, der det er tale om viktig kulturhistorisk dokumentasjon.

I grunngevinga for avslaget vert det vist til at fylkeskommunen i hovudsak gjer støtte til film gjennom Vestnorsk filmsenter, i samsvar med den praksis som er nemnt over. I dette ligg at Kultur- og ressursutvalet ikkje fant grunn til å gjera unntak for den hovudregelen som er praktisert i samband med ordninga for ålmenne kulturføremål.

Filmsenteret er eit sjølvstendig organ og har m.a. egne midlar for støtte til produksjon av dokumentarfilmar. Filmsenteret gjer egne vedtak og er ansvarleg for dei filmfaglege vurderingane som ligg til grunn for desse. Fylkeskommunen har ikkje mynde knytt til deira handsaming av søknadar. Samla sett kan fylkesrådmannen ikkje sjå at det er komen fram nye opplysningar eller synspunkt som kan føre til at vedtaket om avslag vert gjort om. Vedtaket om avslag bør etter dette oppretthaldast.